

HYRDINGEN

Nr. 3

Juni 2022

ÅRGANG 64

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



**Speidarane viktig del
av trusopplæringa**

Sjå baksida

Medarbeidaren har ordet

s. 2

Feedback

s. 5

Kunngjeringar

s. 10

Min song

s. 3

Reint vatn reddar liv-Fasteaksjonen

s. 5

Møte og arrangement

s. 11

Harald H. Eintveit

s. 3

Konfirmasjonar

s. 6–7

Frå kyrkjeboka

s. 11

Frivillig arbeid i Vindafjord

s. 4

Barnas

s. 8

Speidarane viktig del av

s. 12

Ukrainarar til Vats

s. 4

Då lo eg...

s. 8

trusopplæringa

Har du ein dåpskjole?

s. 5

Gudstenestelista

s. 10



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland
Tlf. 908 73 170

E-post: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3240.11.17937 og
Vipps-nr. 53 14 72
Adr. Skjold kyrkje
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Layout/trykk: Omega 365 Design

SOKNEPRESTANE:

Mandag er prestane sin fridag

Soknepresten i Ølen

Kari Vik Stuhaug
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529
kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Skjold

Vikarprest Sigfred Sørensen
Skjold kyrkje, Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Tlf. 4889 0359
sigfred.sorensen@outlook.com

Kontortid: Etter avtale.

Soknepresten i Vikedal

Tsegayesus Hurisa Hunde
Vikedal kyrkjekontor
Kyrkjevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal
Tlf. 970 38 011
tsegayesus.hurisa.hunde@vindafjord.kommune.no
Kontortid: tysdag–fredag, 9–15

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland prosti:

Pb. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00
Prost Rune Steensnæs Engedal
Mobil 918 34 019

Kyrkjevevja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96

Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd: Sunniva Tveit Gregersen
Ølen og Bjoa: Signe Britt Vik
Sandeid: Ragnvald Stople
Vikedal: Andreas Andreassen
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vats: Elisabeth Stople Gregersen

Medarbeidaren har ordet

Ester Limstrand Åsheim, trusopplærar

Den gode hyrden kontra sauebonden på Vestlandet

Som sauebonde er det mykje å gjere på denne tida. Det er lemming. Sauer skal ut frå fjosen. Dei blei klypte for nokre veker sidan og me må følgje med at lamma held seg friske og at sauemora har det greitt. Jesus seier han er den gode hyrde.

Mor-barn relasjonar blir godt følgde med på i byrjinga slik at det ikkje blir krøll seinare utpå beitet. Utover våren begynner lamma å hengje seg fast i gjerdet. Hovudet som var akkurat passe til å smette inn og ut gjennom gjerde-hola for å få tak i det grønaste graset på andre sida, er blitt litt for stort Dei heng seg fast gang på gang på gang. Ein god del veker går ein og løyser på lam. Og irritasjonen er stor når den same heng fast på akkurat same plass etter 20 minutt. Igjen og igjen. Jesus viser omsorg i liknande situasjonar. Han hjelper oss gong på gong. Løyser oss ut av flokar me viklar oss inn i.

Som sauebonde er det og viktig å velje seg gode og tilpassa sauer. Gud seier me er skapt i hans bilde. Nokon bønder vel ut frå morsegenskaper, andre etter kjøttfylde og nokon ser etter robuste sauer. Spæl har gode morsegenskaper, men kan igjen vere skvetten og litt skjerr. Norsk kvit har god kjøttfylde, men kan vere litt treig og tung å få i gong. Svartfjes står i mot vær og vind, men kan vere ein skikkeleg stabukk når det gjeld.

Som bonde så veit eg etter mange års erfaring at dei ulike rasane har sine eigenskapar. Eg har aldri prøvd å få ein spælsau til å få same eigenskapar som ein norsk kvit. Eller ein svartfjes til å bli som ein sjeviot. Jesus krev ikkje meir av oss enn det me er. Han ser våre unike eigenskapar og set glede og forventingar ut frå dette. Jesus oppmuntrar oss til å følgje han. Han skal gå fremst, han styrer tempo og vegen, viss me vel den vegen. Ingen er så god til å sjå kva eigenskapar og evner me har som Jesus. Han klarer å sjå kor vår plass skal vere. Og han veit kva tempo me toler.

I saueflokken kan det komme inn rovdyr som ørn eller gaupe eller rev. Då

er det viktig som bonde å vere tett på flokken og beskytte dei. På same måte er Jesus på og beskyttar oss mot alt det vonde som kan møte oss i verda. Det vil ikkje seie at me går sorglause gjennom livet. Nei, men når noko så forferdeleg som når eit barn eller ein ungdom dør, så kan me til og med i desse forferdeleg triste opplevingane lene oss til Jesus og kjenne trøyst, håp, ro og ei visse om at døden er vunnen over og at me skal treffast igjen.

Eg som bonde har heller ingen forventningar til at lam skal ha same utvikla eigenskapar som ein vaksen sau. Dei set hovudet fast til dei blir store nok. Ungdommar vimsar, dei rotar og dei er urolege. Men Jesus ser dei. Han elsker dei akkurat som dei er. Vimsete, keitete og hormonelle. Gud har skapt hormon og...

Folk som ikkje er sauebønder synes òg at det er rart at me klarer å skilje mellom sauer som er heilt kvite. -Korleis i alle dagar ser me forskjell på dei?

Jesus ser kvar og ein av oss. Han elsker akkurat deg, Akkurat meg. Akkurat sånn. Eg sukka ein gong til Gud og spurte om han kunne hjelpe meg å vere litt mindre bråkete og litt mindre vimsete. Svaret var vel: Kvifor det? Eg har jo skapt deg sånn. Og som me veit: Gud skaper berre perfekte ting.

Jesus er den gode hyrde. Han gir livet sitt for oss.

Han veit om alle eigenskapane våre og han har skapt oss slik me er. Han har og ein plan med at du er slik du er. Du er heilt perfekt. Viss me klarer å forstå kor perfekte me er i Guds plan, så klarer me kanskje lettare å sjå andre sin perfekte framtoning. Då kan me oppmuntre, lære og drive fram ein stor flokk saman med hyrden sjølv, -Jesus Kristus. Og han oppmuntrar oss til å bruke våre gode eigenskapar i sin plan.

Me har ei viktig oppgåve. Me skal gjete ein flokk med unge, gamle, spontane og kloke folk. Og me må glede oss over alle dei unike eigenskapane som gud har skapt inn i denne flokken. Saman i ein kropp, ein lekam, i Jesus Kristus.



Redaksjons-PENNEN



Av Steinar Skartland

Det er vår og det er feiring. April-juni har mange ekstra fridagar og høgtidsdagar då det norske flagget vert heist og vaiar i vinden. Bunadar og festklede vert tekne fram for å feira både konfirmasjonar og nasjonaldagen. Sol og varme får bygdene våre til å skifta farge når graset og trea grønkast. Det er ei flott tid der kyrkjeklokkene kallar inn til samling i kyrkja. Pandemien er over. Vi kan atter møtast og feira slik vi er vane med.

Likevel er det skuggar og mørke skyer. Når vi feirar vår fridom er det andre som er i krig og kjempar for sitt land. Folk som flyktar har vi vorte vane med gjennom fleire år, men nå flyktar folk frå heimane sine også i Europa. Ta vel imot dei som treng ly og vern.

Denne krigen fyller nyheitene slik at dei andre katastrofane som er i verda ikkje får plass. Det er Europas kornkammer som er i krig. Dette skaper svolt og kriser andre stader på kloden. Klimaendringane tek ikkje pause om avisene er opptekne av andre tema. Vi har alle eit ansvar for den jorda som gud sette menneska til å råda over.

Gud sa: «Lat oss laga menneske i vårt bilete, så dei liknar oss! Dei skal råda over fiskane i havet og fuglane under himmelen, over feet og alle villdyra og alt kryp som det kryr av på jorda.» Og Gud skapte mennesket i sitt bilete, i Guds bilete skapte han det, som mann og kvinne skapte han dei (1. Mos. 26).

Det er vårt ansvar. Når konfirmantane samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp og personar engasjerer seg i å samla inn klede til Ukraina, så er det viktige tenester. Vi som har fred, mat og pengar må stille opp og hjelpe dei som lid. Takk for din innsats og omsorg.

Min song

Av Iselin Eidhammer Tveit

Første gongen eg møtte songen min, var i 2010. Då skulle det i samband med kulturveka i Vats arrangerast ein Eidhammer-kveld i kyrkja, der det mellom skulle framførast fleire salmar som min farfar, Nils Andreas Dahl Eidhammer, hadde harmonisert. Denne salma skulle eg, søster mi og far min framføre, i lag med fleire andre slektningar. Salma har dukka opp i fleire samanhengar seinare, og eg har fått eit tettare og tettare forhold til ho. Me har vel alle tankar om kva som skjer når vår tid er over – er det noko der? Korleis ser det ut? Korleis kan det hjelpe oss i kvardagen vår her og no?

I ein travel kvardag, hender det at Gud ikkje får størst plass. Tankane


Bortom tid og rom og tanke
finst ein stad der alt er annleis,
finst ein stad der alt er heilag,
finst ein stad der Kristus er.
Nær min trøyte, redde tanke,
nær min draum, min lengt, min styrke,
nær mitt liv og alt eg lever,
det er godt å vera der.

Gjennom ørsmå hol i dagen,
får eg venda mine tankar,
ta eit lite steg til sides,
søkja Herren, Han som er.
Gjennom tause, mørke bøner,
gjennom lått og gjennom jubel,
leggja fram for Herren Kristus
alt det livet som eg ber.

Når eg pustar, når eg tenkjer,
når eg ler, og når eg sorgjer.
Finna ørsmå hol i dagen
som gjer Kristus sterk og nær.
Der eg lever midt i livet –
midt i verda, midt i dagen,
ber eg med meg Kristi kjærleik;
det er lys og salt eg er.

Jesus, ver i mine dagar,
i alt liv som kjem mot meg.
Ver i mine glade timar,
mine skjelvande sekund.
La meg leva sterkt og nakent,
våga sjå og våga høyra,
våga leva midt i livet,
vågå trå på heilag grunn.

Dikta av: Heidi Strand Harboe, 1999



Harald H. Eintveit er gått bort

Av redaktør Steinar Skartland

Det var ei trist melding redaksjonen fekk midt i mai. Tidlegare sokneprest Harald Hjelmbrække Eintveit sovna stille inn 14. mai, etter å ha vore sjuk ei tid. Han blir sakna av mange som har lært han å kjenna gjennom tida som sokneprest i Vindafjord. Vi som er i redaksjonsnemnda har mange gonger hatt gleda av å trykke dikt, artiklar og andaktar

som Harald har skrive, også det siste året. Han kom med mange gode råd til oss og kunne visa til at han sjølv i mange år ga ut kyrkjebladet på sin tidlegare tenestestad. Nå er han borte, men både han og familien hans er i våre tankar. Vi i redaksjonen lyser fred over hans minne, og vil i neste nummer ta med meir om han.



Iselin Eidhammer Tveit bur heilt sør i Vike-bygd, i lag med mann og tre barn. Ho jobbar som lærar på Skjold Skule, og er aktiv i speidararbeid på fritida.

Frivillig arbeid i Vindafjord

Tekst: Øivind Jønsson

I nyttårstalen fortalde kongen at 2022 var utropt til «Frivillighetens år». Mykje frivillig arbeid blir utført i samfunnet vårt, og i år skal vi sette ekstra pris på dette. Innsatsen i kristen aktivitet i heile kommunen vår er prega av frivillig arbeid på fleire plan. Misjonsforeiningar har laga gevinstar til basarar og baka lefser og andre godsaker for sal, heilt sidan 1800-talet. Store summar er samla inn for å spreie evangeliet, og hjelpe andre med å løyse praktiske problem og helseutfordringar.

Tida vår er ein knapp ressurs. Mange brukar tid på å drive lag og organisasjonar. Kyrkja treng og hjelp frå frivillige. Aktivitetar for barn og ungdom er viktig, f.eks. speidararbeid, medan andre ser ei stor oppgåve i besøksteneste. Ølen brukthandel har alt vore i drift nokre år. Frivillige driv butikken, som er eit samarbeidsprosjekt mellom Kyrkjetunet og Ølen idrettslag. Kyrkjetunet har sett sitt preg på fleire aktivitetar. Bygginga av huset krov ein stor dugnadsinnsats. Frivillige trør til ved møte, foredrag eller selskapelege samkomer.

Frivillig arbeid blant innvandrarar er også knytt til Kyrkjetunet.



Ukrainarane Denys, Yeva og Nadiia, saman med Ingeborg og Gudvin Vågen.



Brukthandelen i Ølen, eit samarbeid mellom idrettslaget og Kyrkjetunet.

Internasjonalt treffpunkt har samlingar torsdagar. Folk frå ulike land og kulturar møter kvarandre, og dei lærer meir om norsk språk og kultur. Det er viktig å sysselsetje folk som har søkt tilflukt i landet vårt. Nokre bygdefolk har stilt jord til disposisjon slik at dei kan drive hagebruk og dyrke sin eigen mat. Koronasituasjonen har sett grenser for desse aktivitetane, men nå kan nok mykje takast opp att.

Lundeneset er eit kraftsenter for frivillig arbeid. Både tilsette og elevar hjelper til slik at alle ungdommar som ønskjer det, skal kunne gå på ein slik skole, og bu i internatet der, uansett økonomisk bakgrunn. I tillegg til skolearbeidet har avgangselevane dei siste åra klart å samle inn over ein million kroner for å hjelpa andre!

Menneske med praktisk innsikt har i mange år gjort ein stor frivillig innsats

for å halde ved like, modernisere og bygge nytt.

Bedehuset i Vikedal, f.eks., har blitt eit tenleg hus både for yngre og eldre. Arken, det nye bedehuset/soknehuset i Vats, er under bygging. Omkring 40 frivillige har vore med på arbeidet til nå, og det er utført ca. 1400 arbeidstimar. Nytt bedehus er under planlegging i Ølensvåg. Mange støttar opp økonomisk. Berre trist at Kulturdepartementet ikkje lenger støttar slikt frivillig arbeid økonomisk.

Eit anna innsatsområde for frivillige er blitt høgaktuelt dei siste vekene: Hjelp til Ukraina.

I fleire år har det vore samla inn sekker med sko, klede, leiker og forskjellig anna til mottakarar, mellom anna i Tsjernobyl-området. Det neste blir nok at ukrainske flyktningar kjem hit, og nokre er alt komne. La oss ta godt imot dei!

Ukrainarar til Vats

Tekst: Øivind Jønsson

24. februar gjekk Russland til åtak på Ukraina. Krigen nærma seg Kiev. Valdtekter og drap på sivile var også resultat av invasjonen. – Denys arbeidde då i Indonesia og var bekymra for familien i Kiev. Ein vatsbu i Indonesia kjende til innsamlingsarbeidet for Ukraina i Vats og andre bygder. Han sette Denys i kontakt med Ingeborg

og Gudvin Vågen som har arbeidd for hjelp til Ukraina i 20 år. Denys reiste til Polen og fekk Nadiia og Yeva ut av Ukraina. Så gjekk turen til Noreg, og vidare til Ingeborg og Gudvin. Der har dei fått ei god mottaking og trivst svært godt. Yeva går nå på skule, dels i Vats og dels i innføringsklasse i Ølen.

Har du ein dåpskjole?

Tekst: Ingrid M. Sørvåg

Kulturutvalet i Skjold og Vikebygd sokneråd vil gjerne låna kjolen din, det vil seia dåpskjolen.

Me vil arrangere utstilling av dåpskjolar neste år i mai, datoar kjem me tilbake til. Me vil gjerne stille ut dåpskjolar frå ulike periodar, og me vil fortelje historia til kvar dåpskjole.

I bygdene våre har kanskje husmorlag, helselag eller andre lag, hatt dåpskjole til utlån for dei som ville låna? Er desse i bruk framleis? I nokre familiar er det kanskje ein dåpskjole som har vore i bruk i fleire

Feedback

Tekst: Karina Stople

Ønskje du å finna på noko kjekt på fredagskveldane? Då er du som ungdom velkommen til Feedback.

Feedback er ein kristen ungdomsklubb som samlast kvar fredag. Me held til på Feedbackhuset i Ølen, rett oppfor det nye senteret. Alle frå 8. klasse og oppover er velkommen til å vera med på feedback-kveldane. Ein feedbackkveld består blant anna av

Reint vatn reddar liv-Fasteaksjonen 3.–5. april

Tekst: Ingrid M. Sørvåg

I år var me tilbake til «normalen», konfirmentar og sokneråd kunne gjennomføre innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp på tradisjonelt vis, med frivillige bøsseberarar som gjekk frå dør til dør. Dei som ikkje var heime, og dei som ikkje hadde kontantar i hus, dei kunne vippse.



T.v. eit nytt dåpsplagg, sydd av Anny Gulbrandsen frå Haugesund, etter modell av gamle dåpsplagg frå Sunnhordland. T.h. ein tradisjonell dåpskjole.



generasjonar, medan andre har fått laga ny dåpskjole no på 2000-talet. Me kjem tilbake til meir om utstillinga til hausten.

Kontakt: Ingrid Mathilde Sørvåg (Tlf 990 37 077).



Aktivitet i Feedback-lokalet.

andakt, kiosk, leikar, biljard, bordtennis, mekking i verkstaden, god mat, PlayStation, Brettspel og god drøs. I

løpet av året har me også andre arrangement som julebord, skidag i Røldal, bowling i Haugesund, filmkveld og peparkakehuspyntekonkurranse. Høyrest dette kjekt ut? Kom innom ein kveld då vel og følg oss gjerna på Instagram eller bli med i gruppa vår på Facebook. Me skal også ha sommaravslutning på Refsnes i Vats 10.

juni om du vil komma, der er 7. klasse velkommen i tillegg til nye og gamle medlemmer. Det blir ei fin avslutning på året med mange kjekke sommaraktivitetar.



Reint vatn til alle (Foto: KN)

Imsland kr. 4.343,-
Ølen og Bjoa kr. 16.676,-
Vikebygd kr. 12.280,-
Skjold kr. 23.145,-
Sandeid kr. 22.040,-



Foto: Økland foto

Konfirmantane i Ølen

Framme frå venstre:

Silje Kathrine Økland, Nora Kleppe Askvik, Alice Gjori Ersland Hellås, Brianna Hiyab Dereje Gebremichael, Maren Eide Ljosnes, Elise Andreassen Berge, Tuva Steinsland, Marielle Kvamme-Eikeland, Inger Tvedt Miljeteig, Sina Nøkland.

Bak frå venstre:

Sokneprest Kari Vik Stuhaug, Alexander Berntsen, Elias Eitrheim-Jonas, Lars Østrem Strand, Lukas Berge-Olsen, Daniel Fryze, Cornelius Erichsen Østebøvik, Sindre Matre Stople, Geir Arnøy Garatun, William Tysnes, Daniel Tofte, Sondre Ådhanes Bokn, Johannes Kirketeig.



Foto: Lyla Granberg

Konfirmantane på Bjoa

Framme frå venstre:

Siri Steinsland, Anna Vivelid, Sander Knutsen.

Bak frå venstre:

Jonathan Tønnessen Vestbø, Erlend Tveit, Theodor Vestbø Reimers, Lukas Alvseike, Christoffer Heggebø Sandsgård, sokneprest Kari Vik Stuhaug.



Foto: Fotograf Nordtveit

Konfirmantane i Sandeid

Framme frå venstre:

Ingerid Hundseid Lærdal, Thea Rørtveit Rødne, Marie Kaldheim, Hannah Solberg, Sofie Gjerde, Silje Stueland Larsen.

Bak frå venstre:

Vegard Holte Owe, Magnus Staknes Hauge, Ole Magne Leite Aandahl, Kim Bjarte Rørheim, Dag Andre Apeland Skarpeid, Sokneprest Tsegayesus Hurisa Hunde.



Foto: Fotograf Nordtveit

Konfirmantane i Imsland

Framme frå venstre:

Linnea Rønnevik, Madelen Rønnevik, Amalie Vanvik Rennesvik, Beate Imsland Birkeland.

Bak frå venstre:

Jan Torkel Imsland Mo, Sokneprest Tsegayesus Hurisa Hunde.



Foto: Fotograf Nordtveit

Konfirmantane i Vikedal

Framme frå venstre:

Kjerstina Nesheim, Celina Strømmland, Oda Bakkedal, Tiril Våg Skjold, Sokneprest Tsegayesus Hurisa Hunde.

Bak frå venstre:

Elias Leite Frøland, Kasper Skipevåg, Mikkel Espevoll Leifsen, Jarle Morgan Baustad.

Konfirmasjonar i Skjold, Vats og Vikebygd

Tekst: Steinar Skartland

I desse tre bygdene skal ungdommane konfirmerast etter sommaren. Det blir gledesdagar for både dei og familiane.

– Me har hatt to år med "ufrivillig" flytting av datoar. No har sokneråda for Vats, Skjold og Vikebygd vedtatt at konfirmasjonane skal flyttast til hausten som fast ordning frå og med neste år, fortel sokneprest Kristian Kyllingstad. Grunna pandemien har dei ikkje hatt konfirmantleir denne gongen, men opplegget har vore tre-delt: Ein fellesdel med obligatorisk gudstenestedeltaking, temasamlingar og pilegrimsvandring i Vats-fjella i vår; Ein sjølvvald del der nokre har hatt 5-6 tysdagar på Vindafjordtunet med vaflar og bingo for dei som bur der, medan andre har delteke med dugnad på Arken (det nye bedehuset ved kyrkja i Vats). Så har

det vore deltaking i gudstenester med oppgaver som vanleg er, og gruppesamlingar.

I konfirmanttida er det tid og rom for å tenkja og stille spørsmål. Ei tid for å læra meir om Gud, den kristne trua, om seg sjølv og om andre. Kyrkjelydane i Vindafjord ønskjer å gje eit godt tilbod med variert undervisning og aktivitetar, men modellane er litt ulike frå stad til stad. Datoane for konfirmasjonane blir:

Skjold laurdag 27. august

Simen Nesheim Bakke, Eline Dagsland Brårthen, Emma Svendsbø Eiknes, Frida Evjen Kallevik, Lone Evjen Kallevik, Liam Hansen, Lone Haraldseid, Henrik Hamre Hjelmeland, Martin Nonslid Håvardsen, Kamilla Johannessen, Bjørn-Marcus Karlsen Kristiansen,

Tore Langeland, Rut Jøri Mangrud, Erlend Haugen Moe, Cecilie Bjørnsen Mortveit, Tønnes Pihelgas Skogen, Ådne Hundhammer Reed, Kjersti Sandvik, Olav Søreide Sandvik, Thilde Skjold, Alfred Svendsen, Thea Søvold, Sofie Toadalen, Jaran Tveit.

Vikebygd søndag 28. august

Annelen Bakkevik, Åsmund Mortveit, Hanna Frøvik Svendsbøe, Marita Dommersnes Vågen.

Vats laurdag 3. september


Tuva Tünde Auestad, Linnea Døvik, Rebekka Eide, Linda Eike, Magnus Eikesdal, Jone Frantsen, Per Gjerde, Halvard Haslemo, Sofie Ihle, Sara Elise Langeland, Wiktor Michal Meszynski, Lovise Skrunes, Johan Sørhus, Eiof Velde, Inga Amalie Lærdal Viland.



BARNAS

Labyrint

Kan du hjelpe Gulliver gjennom labyrinten?



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**



Finn fem feil!

Her feirer dei første kristne nattverd. Dei to bileta er
nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?
Teikning: Asbjørn Tønnesen



Marita Kvitno Staurland

Då lo eg...

Marita Kvitno Staurland frå Vikedal blei utfordra til å bidra med
ei historie i førre nr av Hyrdingen. Her kjem hennar bidrag:

Det var ønskekonserert
på den kristne nærra-
dioen der ein yngre lyttar
hadde ønske om å få
høyra songen: «Jeg vil
ha en liten hund». Men
som programleiaren

uttrykte det: – Den plata
finnes dessverre ikkje
i vårt arkiv, så vi spelar
i staden den herlege
songen: «Jeg vil heller
ha Jesus».

Ferie for familiar

Blå Kors arrangerer gratis feriar for familiar
over heile landet som har utfordringar med
låg inntekt, rusavhengighet, og/eller psykiske
utfordringar tett på livet. Feriane bidrar til å
skape viktige og gode minne for livet for fami-
liane og borna. Særlig etter koronapandemien
ser vi ein auke i gruppa som søker på grunn
av låginntektsutfordringar. Blå Kors ønskjer å
gje fleire av søkjarane ferietilbod. Dette kan
kyrkjelyden bidra til. (sjå annonsa).

STØTTEANNONSER

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller
ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Vi tilbyr

- IT og medieproduksjon
- Salg, service og reiseliv
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på www.lvs.no

Knapphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76

Knapphus
Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

Ølen Betong
Tlf. 5377 5200 - www.olenbetong.no

Ølen auto

SpareBank 1
SR-BANK

Haugesund
Sparebank

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå
har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei,
eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no



GRANBERG
GARVERI AS
Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg
Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

tsrevisjon

Autorisert regnskapsførerselskap

www.tsrevisjon.no

Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik

En ferie
å glede
seg til



Illustrasjonsfoto

Gi trygge ferieopplevelser til familier
som har det vanskelig

VIPPS en gave til 13130 (merket FERIE)
eller gi på konto 3201 52 74165

+ Blå Kors

Dato	Tid	Stad/kyrkje	Informasjon – sjå kunngjering av endringar på vindafjord.kyrkjer.no	Bibeltekst
12.06.	11:00	Bjoa kyrkje	Gudsteneste, Takkofter	Luk 24,45-48
12.06.	11:00	Refsnes, Vats	Friluftsgudsteneste på Refsnes. Konfirmantar og speidarar deltek. Takkofter	
19.06.	11:00	Nerheimstunet-Ølen	Friluftsgudsteneste på Nerheimstunet Takkofter: Kirkens SOS Rogaland	Esek 36,25-29a
19.06.	11:00	Sandeid kyrkje	Gudsteneste, Takkofter	
19.06.	11:00	Skjold kyrkje	Gudsteneste, Takkofter: Kyrkjelydsarbeidet	
26.06.	10:00	Vats kyrkje	Gudsteneste, Takkofter	Mark 10,13-16
26.06.	12:00	Vikedal kyrkje	Gudsteneste, Takkofter: Redd Barna	
03.07.	11:00	Vikebygd kyrkje	Gudsteneste, Takkofter	Matt 9,35-38
03.07.	11:00	Imsland kyrkje	Friluftsgudsteneste, Takkofter	
10.07.	10:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste, Takkofter	Matt 18,12-18
10.07.	12:00	Sandeid kyrkje	Gudsteneste, Takkofter	
17.07.	10:00	Skjold kyrkje	Gudsteneste, Takkofter	Mark 3,13-19
17.07.	12:00	Vikedal motorbane	Friluftsgudsteneste, Takkofter: Lydanlegg til Vikedal kyrkje	
24.07.	10:00	Bjoa kyrkje	Gudsteneste, Takkofter	Mark 5, 25-34
24.07.	12:00	Vats kyrkje	Gudsteneste, Takkofter: Normisjon	
31.07.	10:00	Sandeid kyrkje	Gudsteneste, Takkofter	Mark 12,28-34
31.07.	12:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste, Takkofter	
07.08.	11:00	Skjold kyrkje	Gudsteneste, Takkofter	Luk 6,36-42
14.08.	10:00	Imsland kyrkje	Gudsteneste, Takkofter	1.Mos 22,1-11
14.08.	12:00	Vats kyrkje	Gudsteneste, Takkofter: Trusopplæringsarbeidet	
21.08.	11:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste, Takkofter	Joh 8,31-36
21.08.	11:00	Sandeid kyrkje	Skulestartgudsteneste, Takkofter	
27.08.	10:30	Skjold kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste, Takkofter	
27.08.	11:45	Skjold kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste, Takkofter	
28.08.	11:00	Vikedal kyrkje	Gudsteneste, Presentasjon av konfirmantar, Takkofter: Konfirmantarbeidet	Joh 4,27-30.39-43
28.08.	11:00	Vikebygd kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste, Takkofter	
03.09.	11:00	Vats kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste, Takkofter: Kyrkjelydsarbeidet	
04.09.	11:00	Skjold kyrkje	Gudsteneste, Takkofter	Joh 15,13-17
04.09.	11:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste, Konfirmantpresentasjon, Gullkonfirmantar, Takkofter	
04.09.	11:00	Imsland kyrkje	Gudsteneste, Konfirmantpresentasjon, Gullkonfirmantar, Takkofter	
04.09.	16:00	Bjoa kyrkje	Gudsteneste, Konfirmantpresentasjon, Takkofter: Kyrkjelydens misjonsprosjekt	
11.09.	11:00	Vats kyrkje	Gudsteneste, Takkofter: Kyrkjelydsarbeidet	Matt 19,27-30
11.09.	11:00	Sandeid kyrkje	Gudsteneste, Konfirmantpresentasjon, Takkofter	
18.09.	11:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste, Takkofter: Misjonshøgskulen	Joh 15,9-12
18.09.	11:00	Vikebygd kyrkje	Gudsteneste, Hausttakkefest og 4-årsbok, Takkofter	
18.09.	11:00	Vikedal kyrkje	Gudsteneste, Utdeling av 4-årsbok, Takkofter	
25.09.	11:00	Skjold kyrkje	Gudsteneste, Hausttakkefest, Gullkonfirmantar, 4-årsbok, Takkofter	Matt 11,16-19
25.09.	11:00	Imsland kyrkje	Gudsteneste, Utdeling av 4-års bok, Takkofter	
25.09.	11:00	Bjoa kyrkje	Gudsteneste, Takkofter: Kyrkjelydsarbeidet	

Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast (Hebr. 10,25)

KUNNGJERINGAR



24.–26. juni: Sommarleir for 5.–7. klasse
 27.–29. juni: Sommarminileir for 2.–4. klasse
 1.–5. juli: Familieleir
 4.–7. august: Leiartreningsleir 8. klasse +
 27.–28. august: Brandøyhelg
 12.–14. september: Kvinnedagar
 Påmelding til leirar på:
www.indremisjonssamskipnaden.no/leirar

Brandøyhelga 2022 – program:

Laurdag 27. august
 15:30: Brandøy-basar
 18:30: Middags- og dessertbuffet
 20:00: Bingo i gymsalen for dei yngste
 21:00: Ord for kvelden og delestund
 Drøs og kaffi i stova utover kvelden
 Moglegheit for overnatting (påmelding på førehand)

Søndag 28. august

8:30–10:00: Flexi-frukost
 10:00–10:30: Bønnemøte med ord for dagen
 11:30: Stormøte. Eige møte for barna.
 Etter møtet: Sal av lapskaus, pølser, kaffimat og kiosk.
 Kjekke aktivitetar!
 (Påmelding til middags- og dessertbuffet og/eller overnatting på:
www.indremisjonssamskipnaden.no)

Basar på Imsland bedehus

13.juli kl. 17:00 Inne eller ute på parkeringsplassen (vêret avgjer).
 Andakt: Svein Helge Bergfjord Torsteinsbø.
 Velkommen

Misjonsbasar Ilsvåg bygdahus

23. juli kl. 19:00 Andakt Klaus Muff,
 Bevertning – Velkommen

Friluftsgudsteneste på Refsnes

12. juni

Tema kyrkjelyden, eit veksande fellesskap.

Vikarierende sokneprest Sigfred Sørensen og speidarane deltek.
 Dette er ei felles-gudsteneste for Skjold, Vats og Vikebygd, men vi ynskjer folk frå alle bygdene velkomen til ei gild samling! Vel møtt. Styret

Stemne på Vikestølen 26. juni

Til det årlege «Vikestølmøtet» søndag 26. juni kjem Geir S. Toskedal som hovudtalar. Stemnemøtet tek til klokka 12:00. Etter første møtet blir det ei matøkt der vi oppfordra folk til å ta med seg niste i sekken. Så blir det eit nytt møte kl. 14:00. Om vêret er godt så vert det friluftsmøte, men elles kan vi også vera inne i hytta. Eit styre med representant frå kvar av kyrkesokna Vikebygd, Skjold, Vats, Ølen og Bjoa lagar til møta, slik dei har vore frå år 1900. Men velkomne er folk frå eit større område. Å gå opp til Vikestølen tek ca 45 min. frå Eikås på Bjoa eller litt over ein time frå Vikebygd. Velkommen.

Friluftsgudsteneste

på Nerheim 19. juni kl. 11:00

Eit samarbeid med Nerheimstunets venner.

Kyrkjetunet i Ølen

Følg elles med på: www.kyrkjetunet.no og Facebook-sida

09.06.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
10.06.	fredag	18:00	Bønnemøte - Fellesskap på tvers
10.06.	fredag	19:30	Fellesskap på tvers
11.06.	laurdag	11:00	Vindafjord Soul Children (5.-10. klasse)
14.06.	tysdag	19:30	Bønnemøte
16.06.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
18.06.	laurdag	18:00	Konsert - Dag Terje Saltnes
25.08.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
26.08.	fredag	18:00	Bønnemøte - Fellesskap på tvers
26.08.	fredag	19:30	Fellesskap på tvers
01.09.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
03.09.	laurdag	18:00	Opnings-/jubileumshelg - Kyrkjetunet 20 år
04.09.	søndag	16:00	Opnings-/jubileumshelg - Familiesamling
08.09.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
15.09.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
16.09.	fredag	19:30	Temahelg, Fellesskap på tvers
17.09.	laurdag		Temahelg, Fellesskap på tvers
18.09.	søndag		Temahelg, Fellesskap på tvers
22.09.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
29.09.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
29.09.	torsdag	19:00	Fellesforum. "Mercy Ships". Kåseri og andakt

Vikebygd kyrkje

08.06.	onsdag	20:00	Open kyrkje med keltisk bøn
09.06.	torsdag		Salmekveld i kyrkja. Samarbeid med soknerådet (Sjå plakat)
03.07.	søndag	11:00	Gudsteneste med mykje musikk, i samband med "Vikemusikk" i Vikebygd

Bedehusa i Skjold

23.06.	torsdag	19:00	Austrheim bedehus. St.Hansfeiring
--------	---------	-------	-----------------------------------

Vågen bedehus

www.vaagenbedehus.no

08.06.	onsdag	19:30	Bønnemøte
15.06.	onsdag	19:30	Bønnemøte
19.06.	søndag	11:00	Familiemøte, stad: Bygdasenteret
22.06.	onsdag	19:30	Bønnemøte
10.08.	onsdag	19:30	Bønnemøte
17.08.	onsdag	19:30	Bønnemøte
24.08.	onsdag	19:30	Bønnemøte
28.08.	søndag	11:00	Storsamling med søndagsskule, stad: Bygdasenteret
31.08.	onsdag	19:30	Bønnemøte
07.09.	onsdag	19:30	Bønnemøte
11.09.	søndag	11:00	Storsamling med søndagsskule, stad: Bygdasenteret
14.09.	onsdag	19:30	Bønnemøte
21.09.	onsdag	19:30	Bønnemøte
25.09.	søndag	11:00	Storsamling med søndagsskule, stad: Bygdasenteret
28.09.	onsdag	19:30	Bønnemøte
30.9.-	fredag-		Forsamlingsweekend, Utsyn
02.10.	søndag		misjonssenter

Innbjoa bedehus

Endringar blir kunngjort på plakat eller Facebook

Datoar for Mini-Credo og Credo blir kunngjort på Facebook

08.06.	onsdag	11:00	Bønnemøte
13.06.	måndag	18:30	Bønne- og nattverdsmøte
15.06.	onsdag	11:00	Bønnemøte
20.06.	måndag	18:30	Bønnemøte
22.06.	onsdag	11:00	Bønnemøte
27.06.	måndag	18:30	Bønnemøte
29.06.	onsdag	11:00	Bønnemøte

FRÅ KYRKJEBOKA

	Døypte	Døde	Vigde
Ølen	03.04. Vettle Hovland Roa	27.03. Erling Severin Lien f. 1945	23.04. Lene Gregersen og Daniel Langelandsvik
	15.05. Nora Emilie Veland	25.03. Hans Hage f. 1960	
Sandeid		07.04. Berit Stople f. 1945	
Vikedal	23.04. Johanna Østerhus Bakkevoll	03.04. Marta Kristi Grimaas f. 1938	06.05. Rannveig Mørk og Asle Øverland
		15.04. Kirsten Oddfrid Skipevåg f. 1941	
		14.05. Harald Hjelmbrække Eintveit f. 1951	
Bjoa	17.04. Vilja Granberg Fjellvang		14.05. Elin Sandane og Stian Bauge
Skjold	10.04. Solan Dale	10.04. Edvin Ingolf Amundsen f. 1944	
	10.04. Amanda Knoff Haraldseid	15.04. Johannes Alendal f. 1928	
	10.04. Trym Mortveit	03.05. Emma Alendal f. 1926	
	17.04. Jakob Ersland		
Vikebygd	03.04. Aslaug Gregersen	11.03. Kari Johanne Svendsbøe f. 1931	
		30.04. Unn Paulsen Sjo f. 1945	
Vats	24.04. Alfred Rullestad Tjeltveit	03.02. Ragnhild Eikeland Olsen f. 1951	
	24.04. Johannes Sjurseike-Haakull	08.02. Kåre Daniel Danielsen f. 1937	
	24.04. Olava Sjurseike-Haakull	16.02. Magnar Johan Sætre f. 1948	
	24.04. Levi Frøyland	28.02. Toralf-Jarle Aarak f. 1960	
		12.03. Gulli Gurine Nesheim Tveit f. 1932	



Flaggheising i parken 17. mai.



Inngangsprosesjon i gudstenesta.



Den som held seg tørr, vinn.

Speidarane viktig del av trusopplæringa

Tekst og foto: Steinar Skartland

I Vikebygd var speidarane godt synlege når nasjonaldagen skulle feirast 17. mai.

Klokka 9:45 stod dei oppstilte i sirkel om flaggstonga i parken, like ved kyrkja. Nokre i speidarskjorte, andre i bunad. Utanfor porten hadde bygdefolk samla seg. «Gratulerer med dagen», kunne vi høyra mange stader då dei møttest. Håvard Tveit, ein av leiarane, heldt tale før speidarane heiste flagget og fekk ordren: -Speidarar, hels flagget!. Så spela musikkorpsset og folk song til: «Ja vi elsker dette landet som det stiger frem». Speidarar, korps og bygdefolk samlast deretter i kyrkja. Speidarar bar flagg i inngongsprosesjonen, og stod flaggvakt i koret under gudstenesta. Deretter stod dei flaggvakt ved

minnesstøtta der 7. klassingar hadde tale og la ned krans.

Speidartivoli på Bryggjebakken

Speidarane i Skjold og Vikebygd er tilsaman ei stor gruppe. Her får dei vera med på leirar og aktivitetar der dei lærer mykje nyttig som dei har glede av heile livet. Det er også ei god leiaropplæring og trening.

Laurdag 23. april inviterte dei til Speidartivoli i Vikebygd i samband med «Speidingens dag – for alle». Det kom så mykje folk denne flotte dagen at dei måtte ty til bakkane for å få parkert alle bilane. Her fekk dei

vera med på oppgåver og konkurransar som speidarane hadde laga til. Rundtur i «spykassen», stabling av plastkassar i tårn, karusell, grilling på bål, og så – det tradisjonelle sjøslaget! Kanoar med speidarar ute i båthamna skulle konkurrera om å vera siste som heldt seg flytande (og velta dei andre). Det var leik og moro, pølser, brus og kaker. Og når to bygder møttest må det tautrekking til. Her mobiliserte Vikebygd og Skjold i kvar sin ende, men Skjold samla mest krefter og drog Vikebuen over til si side. Ein flott dag der store og små fekk ha det gøy i lag, og der me fekk vera saman med speidarane.

Bilete på framsida er frå Speidartivoliet i Vikebygd, med Mia Celine Kjærland, Lena Gregersen og Tyra Åjjälä. Foto: Birte Barane

Andaktstelefonen
380 91 700
 Åpent bele døgnet!
 Ny andakt tirsdag og fredag
 Tjenesten er gratis

Korleis har du det... EIGENTLEG?
 Eit menneske å snakke med når livet er som verst
 SOS-Chat: www.soschat.no
 SOS-melding: www.kirkens-sos.no
 Kirkens SOS
 22 40 00 40

Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 22. september.
 Frist for levering av stoff er 22. august.